

Forholdet mellom gudar og jotnar i norrøn mytologi i lys av det mytologiske namnematerialet

Når eg no skal prøve å drøfte forholdet mellom gudar og jotnar i lys av det mytologiske namnematerialet, skal eg straks vedgå at eg kjenner meg på gyngande grunn sidan min bakgrunn korkje er namnegransking eller religionshistorie, men norrøn filologi. Men dei norrøne mytologiske tekstene ligg i skjæringspunktet for alle desse fagområda. Som norrønfilolog har eg alltid interessert meg for dei mytologiske tekstene, og har meir og meir vorte klar over at nettopp namnematerialet ofte representerer svært så meiningsberande element for tolkinga av tekstene.

Eit av dei områda innanfor mytologien som har oppteke meg i sterkare og sterkare grad, er forholdet mellom gudar og jotnar. Dette er eit svært sentralt, men også svært uavklart mytologisk spørsmål, og det er her eg vil prøve å dra inn namnematerialet for å sjå om det kan kome til hjelp i tolkinga.

Når eg tek opp dette emnet i eit forum for namnegranskarar,¹ så er det ikkje fordi eg trur eg har noko nytt å tilføre namnegranskinga, men fordi dette er eit tverrfagleg område der vi må ha namnegranskarane med i diskusjonen. Vi har no ganske lenge hatt ein periode då det teofore og sakrale namnematerialet ikkje har vore det mest sentrale innanfor namnegranskinga, og det mytologiske namnematerialet har i alle høve ikkje stått meir sentralt. Men dette materialet er ei viktig kjelde til dei førestellingar ein i det norrøne samfunnet gjorde seg om dei mytologiske vesena. Difor er det viktig at alle dei grupper av forskarar som kan vere med på å løyse dei mange problema som det mytologiske namnematerialet byr på, kjem med. Forskinga innanfor norrøn mytologi og religionshistorie har heller ikkje vore den mest blømande over kring. Men her er situasjonen i lyrd med å endre seg.

Det som er mitt ærend i dag er ikkje å leggje fram ferdige forskingsresultat, men synspunkt, spørsmål og tolkingforslag som grunnlag for ein open debatt. I nokre tilfelle vil eg gå inn på den konkrete tolkinga av einskilde namn; men eg er meir interessert i den konteksten vi skal forstå namna i. Ny kon-

¹ Denne artikkelen er opphavleg eit føredrag som vart halde på Seminariet för nordisk ortnamnsforskning i Uppsala 26. september 1988.

tekst og nye synsvinklar kan nemleg opne for nye perspektiv utan at den reint språklege tolkinga av namnet vert endra.

Så til forholdet mellom gudar og jotnar. I Snorris Edda må ein vel seie at det er fokusert ganske sterkt på kampen mellom gudar og jotnar. Denne kampen har også grunnlag i dei kjeldene Snorri bygde på. Men både hjå Snorri og i kjeldene hans finn vi også opplysningar om langt fredelegare forhold mellom gudar og jotnar. Fokuseringa på kampen mellom dei to gruppene kan kanskje vere eit resultat av at stoffet i den kristne mellomalderkjelda Snorra-Edda har glide inn i eit mønster som er påverka av kampen mellom det gode og det vonde i kristne kjelder.

Men som sagt gjév kjeldene også eit anna bilete, og vi kan byrje med å slå fast følgjande punkt:

– Þórr er framstilt som jotundreparen i dei skriftlege kjeldene. I Hárbarðsljóð skryter Þórr av at han har drepe både jotnar og jotunkvinner, og det norrøne kjenningsmaterialet, t.d. i Þórsdrápa, fokuserer ofte mot at Þórr er jotunkvinndreparen. Men i mytane oppfører Þórr seg ofte også svært så fredeleg i forholdet til jotnane så lenge han ikkje vert provosert, og både Þórr og andre gudar har erotiske forhold til fleire jotunkvinner. Dette er eit så fast mytologisk mønster at det må vere meiningsberande.

– I kjeldematerialet finst det langt frå ei klar grense mellom gudar og jotnar. Vi har Loki som vel nærmast har ein fot i kvar leir, og som i følgje Lokasenna også er fosterbror til Óðinn. Men dessutan nedstammar æsene frå jotnar – eller urvesen – og jotunkvinner. Når det gjeld dei kvinnelege mytologiske vesena, er grensa mellom gudinne og jotunkvinne spesielt uskarp sidan fleire av dei i følgje kjeldene er jotundøtrer. Gudane hentar altså i høg grad kvinnene sine frå jotunverda, så i tillegg til at gudane ættar frå jotnane, er det svogerskap mellom dei to gruppene. Dei er *sifjadir*.

– I ulike norrøne kjelder fører fyrsteættene slekta si attende til gudane. Men det som det har vore lagt mindre vekt på, er at dei dermed også fører slekta tilbake til jotunkvinner; og for nokre ætter er nettopp jotunopphavet poengtert. Dei norske Hålogygjarlane førte etter nokre kjelder ætta si attende til ei Þorgerðr med tilnamnet *Hølgabrúðr*. I dei islandske tulene, namneremser som er tekne opp i handskrift av Snorra-Edda, er namnet hennar ført opp mellom jotunkvinnenamna. Tilnamnet hennar har fleire former, og mellom desse møter ein også *Hølgatroll* og *Hørgatroll*, som er klare indisium på at ho i norrøn tid vart oppfatta som jotunkvinne. I følgje ein tradisjon, Håleygjatal, nedstamma jarleætta frå Sæmingr, som var son til Óðinn og jotunkvinna Skaði. Førestellinga om at hovdingætter nedstammar frå jotnane, møter ein også i fleire islendingasoger, m.a. i Egils saga, der slekta på ei side er ført tilbake til ein mann med tilnamnet *Hålf troll*. Jotunavstamminga synest altså å

spele ei like stor rolle som gudeavstammainga for å dokumentere krav på fyrstedøme og hovdingskap.

– Mange slags makter og fenomen, og ikkje berre negative, vert i dei norrøne førestellingane personifiserte som jotnar og jotunkvinner. I Vafprúðnismál og i Snorra-Edda er *Sumarr*, ‘sommar’, son til jotnen *Svásuðr*, ‘den milde, behagelege’. *Vetr*, ‘vinter’, er son til *Vindsvalr*, ‘den vindkalde’, eller til *Vindlóni*, ‘den vindstille’ (det siste namnet står berre i Snorra-Edda, som også nemner farfar til *Vetr*, jotnen *Vásuðr*, ‘den mødesame’). Det same eddadiktet og Snorra-Edda nemner også ei anna jotunætt. *Nótt*, ‘natt’, er ei jotunkvinne, ho har dottera *Jorð*, ‘jord’, som også er jotunkvinne, men ho har sonen *Dagr*, ‘dag’, med ein som er av æsene si ætt. Også maktene i havet, *Ægir*, ‘hav’, *Rán*, ‘ran’, og døtrene deira, er i norrøn mytologi personifiserte som jotnar. Namnet *Gylfi*, namnet på far til jotunkvinna *Gerðr*, vert i det norrøne skaldespråket også brukt som eit synonym til ‘hav’. Og endeleg er herskarinna i dødsriket i norrøn mytologi ei jotunkvinne.²

– Verdstreet, *Yggdrasil*, har i følgje *Grímnismál* og Snorra-Edda ei rot i dødsriket, ei rot hjå jotnane og ei rot hjå gudar og menneske. Dette framstiller vel ikkje akkurat jotunheimen som likeverdig med gudane og menneska sin heim, men dei ulike heimane vert i alle fall framstilte som delar av ein heilskap, det norrøne kosmos.

– I dei norrøne førestellingane har jotnane slett ikkje berre negative eigenskapar. Det er stadig understreka at jotnane er vise og har store kunnskapar, og dette var ein eigenskap som vart vurdert svært høgt i det norrøne samfunnet.

Forskinga har lenge lagt vekt på at jotnane representerer kaosmaktene i motsetning til gudane sitt ordna tilvære. Denne motsetninga vert også understreka av nokre av dei appellativa som er nytta om gudane, *regin*, ‘ordnande makter’, *bǫnd* og *hǫpt*, ‘band’. Men gudane og deira ordna tilvære veks i den norrøne mytologien ut av kaos. At gudane nedstammar frå kaosmaktene, er kjent innanfor mange religionar; i norrøn mytologi er dette forholdet svært klart.

I norrøn mytologi er gudar og gudinner – men slett ikkje alle – innordna i ein familiestruktur; denne gundefamilien nedstammar frå jotnane og er inngift med jotnane. I eit samfunn der slektskapsbanda var så viktige som i det norrøne samfunnet, er det vanskeleg å ikkje tillegge denne familiestrukturen,

² At naturmakter og fenomen vert personifiserte som jotnar, har av fleire forskarar vore framheva som eit ungt trekk som er påverka av kontinentale førestellingar. (Sjå t.d. Margaret Clunies Ross: «Snorri Sturluson's use of the Norse origin-legend of the sons of Fornjótr in his Edda», *ANF* 98, 1983.) Snorri – og andre lærde forfattarar – kan nok delvis vere påverka av kontinentale førestellingar, men som eddadikt og skaldespråket viser, hadde dei også eit solid grunnlag i norrøn tradisjon for å framstille makter og fenomen som jotnar.

som både gudar og jotnar er ein del av, stor vekt når ein skal prøve å forstå forholdet mellom dei to gruppene, gudar og jotnar.

Slektskapsforholdet mellom gudar og jotnar er framstilt slik at gudane nærmast veks ut or jotunverda. Det finst ein 1., 2. og 3. generasjon av gudar, der slektskapen – gjennom farsætta – med jotnane og det dei står for, gradvis skulle avta. På morssida kan rett nok også 3. generasjons gudane vere av jotunslekt.

Eit spørsmål eg vil stille, er så: Er slektskapsbanda og svogerskapsbanda mellom gudar og jotnar understreka i namnematerialet?

Om ein tenkjer seg jotnane og gudane i ei kaos–orden motsetning, men der familiestrukturen likevel indikerer uskarpe overgangar, så kan det vere interessant å sjå på kva slags gudar som er plasserte nærmast opp mot jotnane og lengst frå.

Er det tilfeldig, eller ligg det ein tanke bak, når *Forseti*, ‘tingstyraren’, som i høgste grad skulle representere orden, er ein 3. generasjons gud?

Dei gudane som i familiestrukturen er 1. generasjons gudar, er krigsgudane Óðinn og Týr. Jotunopphavet til Óðinn er velkjent nok i kjeldene, og Hymiskviða fortel at Týr er son til ein jotun og ei jotunkvinne. Er det tilfeldig at det nettopp er krigsgudane som i familiestrukturen står nærmast jotnane, eller har dette ei meining?

At gudane er plasserte inn i ein familiestruktur, er vanleg i mange religionar. I den norrøne mytologien er det så mange guddomar som ikkje er plasserte inn i denne strukturen, at eg er i tvil om kor gamal førestellinga om den store gude- og jotunfamilien eigentleg er. Om gudenamn er eldre enn førestellinga om gude- og jotunfamilien, eller frå ein periode då førestellinga om denne familiestrukturen var mindre sentral eller mindre utbygd enn i den siste fasen av norrøn heidendom som dei norrøne kjeldene avspeglar, så kan vi ikkje vente at det namnematerialet fokuserer mot slektskapen mellom gudar og jotnar; men når det gjeld ein gud som Óðinn, har vi ei stor mengde Óðinsheite som må tilhøyre den norrøne perioden, og om ein i denne perioden ynskte å understreke slektskapen og det nære forholdet mellom Óðinn og jotnane, så kan det kome fram i dette namnematerialet. Det trur eg også er tilfelle.

Mellom heita for Óðinn møter ein for det første nokre som ein direkte finn att som jotunnamn.

Grímnir, ‘den maskerte’, møter ein som namn på Óðinn i *Grímnismál* og i tulene i handskrift av Snorra-Edda. Men i dei same tulene finst *Grímnir* også som jotunnamn. Namnet *Grímnir* er også brukt som grunnord i kjenningar for diktarmjøden: *granstraumar Grímnis*,³ ‘*Grímnis skjeggstraumar*’, *Grímnis*

³ Eilífr Goðrúnarson: Þórsdrápa str. 3, Finnur Jónsson: *Den norsk-islandske skjaldedigtning* 1 B, København 1912–15, s. 140.

gjof,⁴ ‘Grímnis gave’, *Grímnis sylgr*,⁵ ‘Grímnis slurk’. I kjenningane kan vi gå ut frå som sikkert at vi har Óðins-namnet, sjølv om *Grímnir* her for så vidt også kunne vere jotunnamn sidan jotnane ein periode hadde hand om diktar-mjøden. Vi har også dei samansette jotunnamna *Aurgrímnir*, *Hrímgrímnir*, *Sefgrímnir* og *Sægrímnir*. Hjalmar Falk hevda rett nok at jotunnamnet har ei anna tyding enn gudenamnet, nemleg ‘den grimete’.⁶ Men tydingane ligg for det første nær kvarandre, og at dei to likelydande namna skulle ha ulik tyding, ville neppe fungere i språket.

Hveðrungr er eit anna namn som i tulene finst både som Óðins-heite og som jotunnamn. I kjenningmaterialet har vi kjenningane *Hveðrungs moqr*, ‘Hveðrungs son, dvs. Fenrir’ (Völuspá str. 55), og *Hveðrungs mær*,⁷ ‘Hel’, som vel tyder på at som jotunnamn har *Hveðrungr* særleg vore brukt om Loki. Det feminine *Hveðra* er jotunkvinnenamn, så namnet gjev klare assosiasjonar til jotunverda. Hjalmar Falk er inne på at det kan vere ei misforståing når namnet har kome med mellom heita for Óðinn.⁸ Men det store spørsmålet er då om den mest nærliggjande tolkinga av slik dobbel namnebruk er samanblanding, eller om det inngår i eit meiningsberande mønster når Óðinn stadig opptrer under jotunnamn eller under namn som gjev assosiasjonar til jotunverda.

Hengikjeptir (-*kjoptr*), ‘hengekjeft’, er også Óðins-namn i tulene. Det parallelle *Hengikjepta* er jotunkvinnenamn. *Hengikjeptir* er namnet på den personen i eddadiktet *Grottasǫngr* som gav den magiske kverna til kong Fróði. Namnet er truleg teke opp i tulene frå dette diktet, og viser at denne personen har vorte identifisert med Óðinn. Anten dette er rett oppfatta eller ikkje, viser det at det må ha vore kjende førestellingar at Óðinn kunne gje seg ut for jotun, for namnet gjev heilt klare jotunassosiasjonar.

Så har vi ein del Óðins-namn der eine delen av det samansette namnet også vert brukt som jotunnamn, der Óðins-namnet finst att i eit samansett jotunnamn eller omvendt, eller der Óðins-namnet og jotunnamn er etymologisk nærskylde.

Bqlverker, ‘den som gjer skade’, er Óðins-heite. *Bqlþorn* er jotunnamn, namn på morfar til Óðinn. Namnet kan altså oppfatast som eit oppkallingsnamn som skal understreke slektskapen med jotnane.

Viðhrímnir er Óðins-heite. *Hrímnir* er jotunnamn. Hjalmar Falk meiner at

⁴ Ulfr Uggason: *Húsdrápa* str. 1, Finnur Jónsson: *Den norsk-islandske skjaldedigtning* 1 B, s. 128.

⁵ Rognvaldr jarl kali, lausavisa nr. 7, Finnur Jónsson: *Den norsk-islandske skjaldedigtning* 1 B, s. 480.

⁶ Hjalmar Falk: *Odensheite*, Kristiania 1924, s. 14.

⁷ Þjóðólfr ór Hvíni: *Ynglingatal* str. 32, Finnur Jónsson: *Den norsk-islandske skjaldedigtning* 1 B, s. 13.

⁸ Op. cit., s. 19.

gudenamnet og jotunnamnet er danna av ulik rot.⁹ Gudenamnet er laga til *breimr*, ‘skrik’, som er nærskylt ordet *hrína*, ‘skrike’, medan jotunnamnet er laga til *hrím*, ‘sot’ – som namnet på kokken i Valhall, *Andhrímnir*. Det kan verke rimeleg at namnet på kokken i Valhall har tilknytning til *hrím*, ‘sot’, men jotnen *Hrímnir* har dottera *Hljóð*, ‘lyd’. Det er eit indisium på at jotunnamnet også har tilknytning til rota i *breimr/hrína* snarare enn til rota i *hrím*.¹⁰

Det finst i tulene fleire Óðins-heite med samansetjinga *-blindi*: *Gunnblindi*, ‘den som blindar i strid’, *Herblindi*, med same tyding som det føregåande, *Tvíblindi*, ‘den dobbelt blinde’, og *Gestumblindi* som er teke opp i namne-remene frå *Hervarar saga*, kap. 10.¹¹ *Helblindi* er namnet på ein jotun, bror til Loki. I *Grímnismál* finst også *Helblindi* som namn på Óðinn som variant til *Herblindi*. Den første varianten har stor overvekt i handskriftmaterialet, men den siste er halden for den rette og opphavlege sidan den vert oppfatta som eit meir normalt Óðins-namn. Men når ein ser kor vanleg det er at Óðinn opptrer under jotunnamn, kan ein ikkje vere for sikker på at Óðins-namnet *Helblindi* er eit mistak.

Jormunr, ‘den store’, er Óðins-heite i tulene. *Jormungandr* er eit av namna på Midgardsormen. Og Óðins-namnet kan neppe unngå å vekkje assosiasjonar til dette jotunuhyret.

Prasarr, ‘den rasande’, finst også i tulene som Óðins-heite medan *Prasir*, som tyder det same, finst som jotunnamn.

Ginnarr og *Ginnir* er også Óðins-namn i tulene. Rota i namna kan vere den same som i *Ginnunga gap*, tomromet der den første jotnen vart til. Men namna gjev vel først og fremst assosiasjonar til Óðinn som den store trollmannen; verbet *ginna* tyder m.a. ‘forgiere’.

Elles ser vi at fleire av namna til Óðinn har eit semantisk innhald som understrekar at guden har dei same eigenskapane som er typiske for representantane for jotunverda.

Óðins-namnet *Fjølsviðr*, som finst både i *Grímnismál* og i tulene, tyder ‘den svært kloke’. Kunnskap og visdom var nettopp den sterkaste av jotnane sine positive eigenskapar. I *Fjølsvinnsmál* er namnet også brukt om ein jotun, og i tulene finst det dessutan som dvergenamn. Namnet, som kan brukast av fleire grupper, understrekar ein felles eigenskap.

Eit par namn understrekar at Óðinn er gamal. *Hárbarðr* tyder ‘han med

⁹ Op. cit., s. 33.

¹⁰ Jotundottera *Hljóð* er i følgje *Völsunga saga* ei av valkyrjene til Óðinn. Óðinn sender henne med eit eple til sin eigen soneson, kong *Rerir*, for at dronninga hans skal kunne verte med barn. Dronninga vert med barn og går svanger i 6 år. Då let ho barnet skjere ut, og dør. Dette barnet er *Völsungr* som seinare vart gift med den same valkyrja som kom med eplet frå Óðinn til foreldra hans. Igjen kan det verke som Óðinn opptrer under namna til jotnar han på ein eller annan måte har eit nært forhold til.

¹¹ Her er *Gestumblindi* eigentleg namnet på ein mann som Óðinn hjelper ved å ta på seg skapnaden hans.

grått skjegg'. Namnet *Hárr* kan tyde 'den grå'. Det kan også vere kontrahert form av eit anna Óðins-namn, *Háarr*, som etymologisk er noko uklart.¹² Men om vi har tydinga 'den grå', vil dette namnet, som *Hárbarðr*, understreke at Óðinn er gamal. Dette høver sjølvsgagt saman med at han er gudefaren. Men alder er også stadig understreka i jotun- og jotunkvinnenamn.

Eit anna fellesområde for Óðinn og jotnane er at dei båe er dødsmakter. At dei som fell i strid – eller halvparten av dei – kjem til Óðinn, er ei sentral førestelling i norrøn mytologi. Men Hel er ei jotunkvinne. I det norrøne språket har ein også uttrykket: *gefa e-n trollum*, 'gje ein til trolla', om å drepe nokon.¹³ Vi har også jotunnamn som viser tilknytning til dødsriket. *Hræsvelgr*, 'likslukaren', er ein jotun i ørneham. *Helblindi* var som sagt jotunnamn, og det same er *Helreginn*. Dei to siste namna kan, som eg straks skal kome attende til, også oppfattast som kjenningar for jotun med eit Óðins-namn som grunnord.

Jotnane kan også opptre i skapnad av dyr, permanent eller mellombels. Óðinn kan mellombels opptre i dyreskapnad. Dette har sjølvsgagt samanheng med at han er den trollkunnige mellom gudane med evne til å skifte ham; men Óðins-namna som understrekar dyrenaturen hans, kan også ha som funksjon å vise tilknytninga til jotnane. Det viser seg og at dei dyrenamna som går att i Óðins-heita, dels er namn på dyr som kan vere jotnar, men dels er det andre. Mellom Óðins-heita finn vi i tulene *Arnhofði*, 'han med ørnehovud', og *Qrn* som Óðins-namn finst som kjenneord i kjenningar for skaldemjøden.¹⁴ Desse kjenningane er sjølvsgagt motiverte ut ifrå myten som fortel korleis Óðinn henta skaldemjøden i ørneham. Vi har Óðins-heitet *Sváfnir*, som også er ormeheite. Det kan kanskje også peike mot jotunnatur. Men ulven, den dyreskapnaden som vel er den mest typiske for jotnane, møter vi ikkje mellom Óðins-namna. Det nærmaste vi kjem er Óðins-namnet *Jólfr*, dvs. *Jóolfr*, 'hesteulv, dvs. bjørn', som vi har i *Qrvar-Odds* saga. *Bjqrn* og ord for 'bjørn' er derimot vanlege Óðins-heite.

Det nære sambandet mellom nettopp Óðinn og jotnane trur eg også kjem fram i kjenningsspråket til skaldane. Når ein lagar kjenningar, har ein den regelen at eit gudenamn t.d. kan brukast som grunnord i ein kjenning for ein annan gud, og eit attributt til den guden kjenningen står for, skal kunne gi lykelen til den rette tolkinga. **Mjöllnis Baldr*, 'Mjølnes Baldr', ville t.d. vere ein kjenning for Þórr. Når det gjeld Óðins-namna, ser det ut for at desse også

¹² Sjå Jan de Vries: *Altnordisches etymologisches wörterbuch*, 2. verb. aufl., Leiden 1962, s. 200.

¹³ Uttrykket har vi m.a. i ein kvidling om Torf-Einarr, som vart jarl på Orknøyane: *Pá gaf hann Tréskegg trollum, / Torf-Einarr drap Skurfu*, 'Då gav han Tréskegg til trolla, / Torf-Einarr drap Skurfa'. Finnur Jónsson: *Den norsk-islandske skjaldedigtning* 1 B, s. 167.

¹⁴ *Arnar leir*, 'ørneskarn, dvs. dårleg dikt', i *Guðmundardrápa* str. 2 av Arngrímur abboti, Finnur Jónsson: *Den norsk-islandske skjaldedigtning* 2 B, s. 372; *qrð arnar kjapta*, 'ørnekjefstens ord, dvs. dikt', i *Berudrápa* av Egill Skallagrímsson, Finnur Jónsson: *Den norsk-islandske skjaldedigtning* 1 B, s. 42.

kan brukast i kjenningar for jotnar, akkurat som jotunnamn kan brukast som namn for Óðinn.

Yggr er eit av dei vanlegaste Óðins-namna. *Áleggjar Yggr* er jotunkjenning.¹⁵ (*Á* vert brukt som synonym til 'hav', *áleggj*, 'havets legg', tyder 'fjell', 'fjellets Yggr' tyder 'jotun'.)

Gautr er også eit svært vanleg Óðins-namn. *Fjall-Gautr* og *hellis Gautar* finst som jotunkjenningar.¹⁶ *Gautr* i desse kjenningane, og spesielt i det siste tilfellet som har namnet i pl., kan også oppfattast som folkenamn, 'mann frå Gøtaland' eller 'gotar'. Også slike folkenamn kunne brukast som grunnord i jotunkjenningar.

Geiguðr, 'den som dinglar (i galgen)', er Óðins-namn i tulene. Det same er *Fjall-Geiguðr*; tydinga til namnet er då oppfatta som 'den som flakkar om i fjellet'. Etter mitt syn er det vel så rimeleg å rekne med at *Fjall-Geiguðr* er ein jotunkjenning med eit Óðins-namn som grunnord, som igjen er nytta som Óðins-namn.

Reginn er eit Óðins-namn, *Helreginn* møter ein i tulene som jotunnamn. Namnet kan oppfattast som ein jotunkjenning med Óðins-namn som grunnord. På same måten kan jotunnamnet *Helblindi* oppfattast.

Det er altså særleg Óðins-namn som kan brukast i jotunkjenningar av denne typen. Gudenamnet *Móði* er også brukt ein gong som grunnord i jotunkjenning,¹⁷ det same er ord for 'gud' som *áss* og *goð*.¹⁸

Ord for 'gud' og gudenamn i slike kjenningar understrekar vel på same tid både likskapar og ulikskapar med jotnane. Ulikskapane vert understreka gjennom kjenneordet, som oftast er ord for 'fjell'. Men sidan det er Óðins-namna som særleg er brukte, er det vel først og fremst det nære forholdet mellom Óðinn og jotnane skaldespråket her reflekterer. Og det er vanskeleg å tru noko anna enn at skaldane er medvetne om dette.

Om grensa mellom gudar og jotnar er flytande, så er det i endå høgre grad tilfelle når det gjeld forholdet mellom gudinne og jotunkvinne. Om Jørð og Rindr seier Snorri (Gylfaginning, kap. 36)¹⁹ at dei er rekna med mellom åsyn-

¹⁵ Magnúsdraða str. 11 av Arnórr Þórðarson, Finnur Jónsson: *Den norsk-islandske skaldedigting* 1 B, s. 314.

¹⁶ Kjenningen *Fjall-Gautr* har vi i Húsdraða str. 6 av Ulfr Uggason, Finnur Jónsson: *Den norsk-islandske skaldedigting* 1 B, s. 129; *hellis-Gautar* har vi i lausavisa nr. 7 av Rognvaldr jarl kali, Finnur Jónsson: *Den norsk-islandske skaldedigting* 1 B, s. 480.

¹⁷ *Grjót-Móði* er brukt i ei anonym strofe, Finnur Jónsson: *Den norsk-islandske skaldedigting* 1 B, s. 602.

¹⁸ Sjå oversikta over jotunkjenningar i Rudolf Meissner: *Die Kenningar der Skalden*, Bonn-Leipzig 1921, s. 255 ff. Meissner reknar her også opp eit par kjenningar med *bønd* som grunnord, men desse er neppe å oppfatte som jotunkjenningar.

¹⁹ Tilvisingane til Gylfaginning og Skáldskaparmál gjeld utgåva: *Edda. Gylfaginning og prosafortellingene av Skáldskaparmál*, utg. av Anne Holtmark & Jón Helgason, 2. utg., København–Oslo 1950.

jene, men kjeldene gjer det heilt klart at dei er jotunkvinner. Skaði og Gerðr er også like klart framstilte som jotunkvinner. Snorri seier også at Frigg er jotundotter (Gylfaginning, kap. 9), men det er mogeleg at dette byggjer på ei misforståing av Lokasenna str. 26. Opphavet til nokre av gudane sine kvinner som t.d. Nanna og Iðunn seier kjeldene svært lite eller så godt som ingen ting om. Er dei å oppfatte som jotundøtrer, er det i desse tilfella ikkje fokusert mot jotunopphavet. Heller ikkje opphavet til Sif fortel kjeldene noko om; men mellom heita for 'jord' i tulene er ho rekna opp i selskap med jotunkvinner. Ein god del av dei kvinnelege guddomane er ikkje sette inn i ein ættesamheng korkje på den måten at vi har mytar som fortel om opphavet deira, eller på den måten at dei er inngifte i gudane si ætt. Men vi har likevel rikeleg materiale til å dra den slutninga at gjennom giftarmål og forhold til jotunkvinner er det svogerskap mellom gudane og jotnane.

Spørsmålet er så om denne svogerskapen på nokon måte kjem fram i namnematerialet. Her synest eg det kunne vere freistande å prøve å sjå namnet *Sif* i ein ny samheng. Etymologisk er vel ordet heilt klart. Det tyder 'skyldskap', og vert helst brukt om inngift skyldskap. Adj. *sifjaðr* tyder 'som er i svogerslekt'. Alt P. A. Munch tolka ut ifrå namnet funksjonen hennar slik: «Siv, hvis Navn betegner 'Frændskab, Slægtskabsforbindelse', synes at have været den oprindelige Gudinde for Slægtskab, Frændskab og Familieforhold». ²⁰ Dette er kanskje ei nærliggjande tolking, men etter mitt syn er det minst like nærliggjande å tolke namnet hennar innanfor den mytologiske konteksten, og den svogerskap det då er tale om, må vere den mellom gudar og jotnar. Spørsmålet vert så korleis ein skal tolke det at det nettopp er kona til Þórr, jotundreparen, som har eit namn som fokuserer mot den mytologiske svogerskapen, den mellom gudar og jotnar. Skal Þórr og Sif til saman understreke det dobbelsidige forholdet mellom gudar og jotnar?

Jotunkvinnenamna representerer eit stort og – semantisk sett – svært sprikande materiale. Det er behandla av Lotte Motz, ²¹ og etter det semantiske innhaldet deler ho namna inn i 17 grupper, mange av dei med undergrupper. Eg kan ikkje her gå inn på alle desse gruppene, sjølv om det etter mitt syn kunne vere ein del å seie både om bruken av kjeldene og inndelinga av materialet, som ikkje er heilt fullstendig. Men eg vil seie meg samd med Lotte Motz på eit svært viktig punkt. Gjennom den semantiske analysen av namna har ho klart demonstrert at jotunkvinnene ikkje berre representerer kaos og destruksjon. Det finst også mange namn som gjev svært positive assosiasjonar.

Ei særleg interessant gruppe – etter mitt syn – om ein vil prøve å få tak i forholdet mellom gudar og jotnar, representerer dei jotunkvinnenamna som er ord for 'jord' o.l. Slik Lotte Motz deler inn namna, kjem denne gruppa ikkje

²⁰ P. A. Munch: *Nordmændenes ældste Gude- og Helte-Sagn*, Christiania 1854, s. 31.

²¹ «Giantesses and their names», *Frühmittelalterliche Studien* 15 (1981).

klart fram. Ho opererer med ei gruppe i tilknytning til stein, jord og gjørme, og ei anna gruppe som har tilknytning til fjell, skog og fjellformasjonar. Her trur eg inndelinga dekkjer over eit viktig skilje: dei namna som er knytte til den potensielt fruktbare jorda, og dei som er knytte til det golde og ufruktbare.

I den første gruppa vil sjølv sagt namnet *Jqrð* kome. Namnet *Gerðr* reknar Lotte Motz med i ei gruppe namn som tyder 'noko som er gøymt, tildekt eller innestengt'. Som ei avleiing til *garðr*, 'gjerde', kan namnet sjølv sagt tyde det. Men sidan *Gerðr* er partnaren til grøderikdomsguden Freyr, finn eg den gamle tradisjonelle tolkinga til Magnus Olsen, 'inngjerda åker', faktisk meir plausibel.²² Magnus Olsen tolka namnet *Gerðr* i samsvar med den funksjon ho etter hans syn hadde i gudediktet *Skírnismál*, der han meinte ho representerte kornåkeren. No treng ein nok ikkje tolke namnet fullt så snevert som Magnus Olsen. Ein kan nok tenkje seg at *Gerðr* representerer noko vidare enn akkurat den innegjerda åkeren. Men om ein kan seie at ho representerer noko som ligg innanfor eit gjerde – av eit eller anna slag –, kan ein seie at ho representerer den underlagde jorda og det fruktbare eller potensielt fruktbare i motsetning til dei jotunkvinnenamna som gjev assosiasjonar til det aude og ufruktbare. Namnet *Gerðr* vil eg difor gjerne plassere i same gruppe som *Jqrð*. Nokre av dei namna som Lotte Motz reknar opp i gruppa av namn med tilknytning til stein, jord og gjørme, kan kanskje også vere interessante. *Aurboda* er eitt av desse namna. Førstelekken i namnet, *aurr*, kan tyde både 'sand' og 'sump/gjørme'.²³ Sistelekken, *-boda*, tyder 'den som tilbyd/gjev'. *Aurboda* er mor til *Gerðr*, og om namnet *Gerðr* skal tolkast i det minste delvis i samsvar med tolkinga til Magnus Olsen, høver det godt å tolke namnet på mora som 'den som gjev sand/gjørme, dvs. jord'.²⁴ Lotte Motz nemner også nokre andre jotunkvinnenamn i denne gruppa som t.d. *Molda*, som er danna til *mold* f., 'mold', og *Torfa*, som er danna til *torf* n., 'torv'. Desse høyrer utan tvil semantisk til same gruppa, men dei er henta frå fornaldarsogene, og det er vanskeleg å vite om dei er så gamle at dei er interessante i ein mytologisk samanheng. Det kunne kanskje vere større grunn til å nemne jotunkvinnenamnet *Fjörgyn* i denne gruppa, som er etymologisk uklart, men som i den norrøne mytologien finst som eit anna namn for *Jqrð*, og som i alle høve i skaldepråket kan brukast som eit synonym til ord for 'jord/land'. Det same gjeld

²² Magnus Olsen: «Fra gammelnorsk myte og kultus», *MM* 1909. Tolkinga til Magnus Olsen har hatt stor tilslutnad, men har ikkje vore umotsagd. I oppfatninga av *Gerðr* har Jöran Sahlgren kome med sterke innvendingar i arbeida *Eddica et scaldica* 2, Lund 1927–28; «Sagan om Frö och Gärð», *NoB* 16 (1928); «Lunden Barri i Skírnismál», *NoB* 50 (1962). Etter Sahlgren sitt syn er *Gerðr* å oppfatte som eit ungt litterært produkt, ikkje som ein mytologisk figur frå den heidne tida. Dette synet på *Gerðr* kan ikkje seiast å ha stor tilslutnad i dag.

²³ Sjå Jan de Vries: op. cit., s. 20.

²⁴ Jan de Vries, op. cit., s. 20, får ei slik tolking av namnet ikkje til å høve. Han seier om namnet: «Der 2. teil gehört zu *bjóða*, aber was soll die frau bieten?» Han viser difor også til ei anna mogleg tolking av førstelekken av namnet: *aur* av lat. *aureus*, 'gullmynt'.

namnet *Hlǫðyn* (*Hlóðyn*). Det er også eit anna jotunkvinnenamn eg kunne ha lyst til å nemne i denne samanhengen, *Rindr*, mor til Óðins son Váli. Etymologisk er dette namnet svært uklart, og ein kan ikkje seie at det er sikkert tolka. Oskar Lundberg har sett namnet i samband med det svenske stadnamnet *Vrindavi*.²⁵ Etter hans syn står framlyden *r* i *Rindr* for gammalt *vr*. Problemet er at namnet har forma *Rindr* ikkje berre i vestnordiske kjelder, men også hjå Saxo, som må ha lånt ei vestnordisk form om vi i dette namnet skal ha opphavleg *vr* i rota. Med den etymologi Lundberg legg til grunn for tolkinga, ser han *Rindr* som ei jordgudinne og ei gudinne for voksterkrafta.

Også om vi går ut frå at framlyden i rota skal vere *r* og ikkje *vr*, er tolkinga av namnet framleis minst like vanskeleg, for i det norrøne språket synest det ikkje å vere belagt ord som er etymologisk nærskylde med namnet *Rindr*. Men eg har lyst til å peike på at i moderne norsk har vi orda *rind* f. og *rinde* m., som er namn på ein terrengformasjon, 'jordrygg'. Ordet finst også i moderne islandsk, og sjølv om det ikkje er belagt i norrønt, må det vere gammalt i språket, for det finst i norske stadnamn samansette med *-heimr* og *-vin*. Om jotunkvinnenamnet *Rindr* kan vere avleidd av den same rota som vi har i ordet for terrengformasjonen 'jordrygg', så ville vi få eit nytt sentralt jotunkvinnenamn i den same gruppa som *Jqrð* og *Gerðr*; og det byrjar å avteikne seg eit mønster der namnematerialet peikar mot at dersom vi skal rekne med ei norrøn jordgudinne, som er ein vanleg gudinnetype i mange religionar, så var ho innanfor norrøn mytologi ei jotunkvinne.

Korleis dette skal tolkast, kan sjølvsagt diskuterast. Men det er rimeleg at dette har samanheng med den generelle tendensen vi møter i norrøne kjelder, og som etter mitt syn fanst der før påverknaden frå lærde europeiske miljø, til å identifisere makter og fenomen med jotnar.

Ein annan vanleg type jotunkvinnenamn er namn som knyter seg til frost, kulde, fjell osv. At desse namna som knyter seg til det golde og ufruktbare, er jotunkvinnenamn, verkar kanskje meir umiddelbart innlysande enn at namna som tyder 'jord' o.l. skal vere knytte til jotunverda – kaosmaktene. Men på den andre sida er jorda hjå oss ikkje umiddelbart fruktbar, ho må vinnast inn og gjerast fruktbar. Dei to motsette gruppene av namn representerer såleis to sider av det same.

Om den aktuelle gruppa av jotunkvinner skal oppfattast som jord-«gudinner», så gjev det for så vidt meining at dei i utgangspunktet tilhøyrer kaos, men ein del av kaos som kan vinnast inn under den orden gudane representerer, og som det er heilt nødvendig for gudane og for deira samfunn å vinne til seg. I *Skírnismál* brukar også Freyr alle middel for å vinne *Gerðr*, magi og trugsmål; og skalden Kormákr Ógmundarson seier at Óðinn brukte *seiðr* for å vinne *Rindr*.²⁶ Det middel begge desse gudane brukar mot jotunkvinner for

²⁵ «Den heliga murgrönan. Till ortnamnet Vrindavi», *NoB* 1 (1913).

²⁶ Sigurðardrápa, str. 3, Finnur Jónsson: *Den norsk-islandske skjaldedigtning* 1 B, s. 69.

å vinne dei, er altså den sterkaste kjærleiksvekkjande magi. Dette fortel samtidig at å få etablert forhold til desse jotunkvinnene er av den aller største betydning for gudane. Det er heller ikkje berre jotunkvinner med namn som gjev assosiasjonar til 'jord' o.l. gudane har eit positivt forhold til. Det same synest å gjelde jotunkvinner med namn som tyder eller gjev assosiasjonar til 'strid', 'styrke', 'kamp', t.d. *Gríðr*, 'strid', og *Járnsaxa*, 'utstyrt med jarnsverd'. *Gríðr* er mor til Óðins son *Víðarr*, og Þórr hadde sonen *Magni*, 'den sterke', med *Járnsaxa*. I eit krigarsamfunn er det ikkje vanskeleg å sjå at også denne gruppa jotunkvinner representerer noko positivt.

Seiden, som gudane kunne bruke mot jotunkvinnene, var først og fremst ei form for magi som volvene beherska. Volvene møter vi både som verdslege kvinner og som mytologiske vesen. Som mytologiske vesen har dei tilknytning til jotnane; i følgje *Hyndluljóð* str. 33 er dei ætta frå *Viðolfr*, dvs. skogulven, som ættar frå urjotnen *Ymir*. I det norrøne språket kan både gudinne og prestinne kallast *gyðja*. Spørsmålet er om det er det same forholdet mellom verdsleg og mytologisk volve som mellom verdsleg og mytologisk gydje. I tilfelle vil det kaste lys både over dei verdslege volvene og over jotnane, som dei mytologiske volvene tilhøyrer.

Det som verkeleg vert interessant ved dei mytologiske volvene, når vi granskar dei gjennom volvenamna, er at det same skiljet som ser ut for å vere så viktig når det gjeld jotunkvinnene, skiljet mellom det potensielt fruktbare og det golde, også synest å kome fram gjennom volvenamna. Dei to mest typiske volvenamna er vel *Gróa* og *Heiðr*. Namnet *Gróa* er etymologisk nærskylt verbet *gróa*, 'vekse'. Namnet *Heiðr* kan tolkast på fleire måtar. Ordet er vanleg som sistelekk i kvinnenamn, og er då vanlegvis tolka som eit ord som tyder 'heider/ære'. Men ordet tyder også 'høgfjell'; og det er freistande å tolke volvenamna *Heiðr* og *Gróa* som eit motsetningspar som representerer dei same to sidene ved jotunverda som også kjem fram i jotunkvinnenamna. Det synest faktisk også å passe med kjeldene at volver med namnet *Gróa* er venlege og hjelpande mot gudane. I *Skáldskaparmál* kap. 4 t.d. er det fortalt om ei volve med dette namnet som prøver å lækje Þórr etter kampen med jotnen *Hrungnir*. *Heiðr* i *Völuspá* (som eg oppfattar som den same som volva som talar i diktet) verkar meir fiendsleg mot gudane – men ho representerer den positive eigenskapen visdom som alltid er knytt til jotunverda.

I kva grad eit gudenamn er nytta som lekk i personnamn, har til dels vore brukt til å måle populariteten til ein guddom. Personleg stiller eg meg litt tvilande til kor mykje personnamnmaterialet kan seie, for eg trur det er fleire faktorar enn popularitet som er avgjerande for om eit gudenamn vert brukt eller ikkje til å danne personnamn. Det er allment godteke at gudenamnet må stå som førstelekk i personnamnet, og at gudenamn aleine ikkje kan opptre som personnamn. Brot på desse reglane har vore oppfatta som unntak, eller namna har ikkje vorte oppfatta som namn på verkelege gudar eller gudinner

– dette gjeld særleg namna *Bragi*, *Iðunn* og *Gerðr*. I alle fall når det gjeld *Gerðr*, bør ein også stille spørsmålet om det eventuelt gjeld andre reglar for jotunkvinnenamn enn for gude- og gudinnenamn. Når *gerðr* og t.d. *fríðr*, *unnr*, *gunnr*, *híldr*, *heiðr*, fellesnamnet *dís* osv. vert brukte som sistelekk i kvinnenamn, så kan det sikkert også vere rett at det ikkje er det mytologiske namnet som er brukt til å lage kvinnenamn, men eit substantiv med det same semantiske innhaldet som det mytologiske namnet. Det vil seie at det er det same namnelagingselementet som er brukt båe stader. Enkelte typar mytologiske namn kan også opptre som usamansette kvinnenamn, t.d. *Unnr*, *Gróa*, *Híldr* osv. Så diffus som grensa mellom dei ulike gruppene av mytologiske kvinneskapsnader er, er det etter mitt syn heller ikkje overraskande å finne overlapping mellom gudinne- (og jotunkvinne-)namn og vanlege kvinnenamn. I alle fall er det eit faktum at mange mytologiske namn finst som kvinnenamn, og at eit ord som er identisk med eit mytologisk kvinnenamn, t.d. namnet *Gerðr*, er brukt som sistelekk i kvinnenamn. Spørsmålet er om også denne typen namn, og frekvensen av dei, seier noko om kor sentrale dei mytologiske vesena med same namn var i folk sine førestellingar. Er det i det heile mogeleg å tenkje seg at desse namna ikkje vekte assosiasjonar til dei mytologiske vesena, men berre fungerte som namnelagingselement som gav sterkare assosiasjonar til det eigentlege semantiske innhaldet i namnelagingselementet enn til dei mytologiske kvinnene? Og i tilfelle namna har gjeve assosiasjonar til dei mytologiske vesena, går desse assosiasjonane ikkje til gudinnene, men til kvinnelege kollektive makter – og til ei jotunkvinne!

Den uskarpe grensa mellom gudinne og jotunkvinne – eller grupper av jotunkvinner – ser vi også demonstrert i dei kvinnekjenningane som har mytologiske namn som grunnord. Her ser vi at det nettopp er nokre av jotunkvinnenamna som er dei mest brukte. Namnet *Gerðr* er eit av dei mest frekvente (19 belegg), og *Rindr* og *Jorð* er også ganske frekvente (8 og 6 belegg). Vi ser også at om vi samanliknar tulene med gudinneheite og jotunkvinneheite, så finst der ei delvis overlapping, sjølv om overlappinga ikkje er særleg stor. Og det finst også – rett nok få – felles heite for kvinne og jotunkvinne. Det gjeld m.a. det positivt lada *rýgr*, som, når det er brukt om kvinne, t.d. i samansetninga *baugrýgr*, tyder 'kvinne som er ætteoverhovud'. Nettopp det forholdet at jotunkvinnenamn og -heite kan brukast i poetiske omskrivingar og som poetiske ord for kvinne – og vel å merke positivt lada – understrekar sterkt at jotunverda, og kanskje spesielt jotunkvinnene, også representerer positive verdjar.

For å konkludere synest eg det store mytologiske namnematerialet, som det her berre er drege fram enkelte døme frå, understrekar ein samanheng mellom gudane og jotnane, og det understrekar at jotunverda representerer ei mengde ulike eigenskapar der nokre også er sterkt positivt lada.

Når vi fokuserer på denne samanhengen mellom gudeverda og jotunverda,

er det også mogeleg at enkelte mytar kjem i eit nytt lys og kanskje vert lettare å forstå. Som døme kan eg til slutt nemne mysteriet med Mímir eller Mímr som æsene sende som gissel til vanene saman med Hœnir, og som vanene drap. I kjeldene er Mímir heilt klart framstilt som ein jotun. Det som har vore vanskeleg å fatte, er at æsene sende ein jotun som gissel til vanene. Men jotnen Mímir kan stå i eit nært forhold til gudane, og spesielt til Óðinn. I Hávamál str. 140 er det fortalt at Óðinn lærer sine 9 tryllesongar av Bølporns vedgjetne son, altså av ein jotun og sin eigen morbror. Det har vore gissa på at denne jotnen nettopp er den vise Mímir. I tilfelle sender Óðinn sin eigen morbror som gissel. Om ein let vere å fokusere på motsetninga mellom gudar og jotnar, men i staden mot ættesamenhengen, som eg meiner også er understreka av namnematerialet, er dette ei heilt normal gisselutveksling.

Summary

ELSE MUNDAL

The relationship between gods and giants in Old Norse mythology in the light of the mythological name evidence

In this article mythological names are used as a source of evidence concerning the relationship between gods and giants.

In the written sources, the relationship between gods and giants is depicted as a complicated one. On the one hand the giants, representing chaos, and the gods, representing order, are enemies fighting each other. On the other hand the gods are descended from the giants, they marry daughters of the giants or have them as mistresses, and though the giants are the gods' enemies and represent chaos, they also have some very positive qualities.

In Snorri's *Edda* all the different facets of the complex relationship between gods and giants are reflected in the text, but greater stress is perhaps laid on the opposition between the two than on other aspects of their relationship. This may be the result of Christian influence and the Christian opposition between good and evil.

The name evidence, however, also seems to underline other aspects of the relationship between the two groups: that they are kin, that there is no sharp borderline between gods and giants, that both gods and giants form indivisible parts of the Old Norse universe, and that the world of the giants represents a potential store of qualities which are important in the world of gods and men.

Thus names are an important source as regards one of the most interesting problems of Old Norse mythology: How is the relationship between gods and giants to be understood?